



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 19.06.2025
Møtetid: 09:00 - -15:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Roy Husebø	Medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Johannes O Borge	MEDL	H

Renathe Tangen	MEDL	V
Janne Daltveit Tveit	MEDL	SP
Roy Håkon Jenssen	MEDL	SV
Trygve Tønnessen	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Atle Solberg		H
Ingunn Vedå		FRP
Kjellaug Hartveit		SP
Tor Georg Hella		H
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne		V
Stian Torp		U

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 51/25	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 52/25	Godkjenning av møtebok 22.05.2025	
PS 53/25	Referatsaker og meldinger	
RS 27/25	Ref. Generalforsamling 2025 - Osterøy Aktiv AS	
RS 28/25	Signert protokoll generalforsamling, innkalling og saksliste styremøte Opro	
RS 29/25	Protokoll - Osterøy kontrollutval 22.05.25	
RS 30/25	Protokoll frå representantskapsmøte IKTNH 16.05.2025	
RS 31/25	Årets statusrapport for kommunene er klar	
RS 32/25	Organisasjonskart Osterøy kommune	
RS 33/25	Tilsetjingsstopp i kommunen frå 15.10.2024	
RS 34/25	Osterøy kommune - budsjett 2025 og økonomiplan 2025 - 2028	
RS 35/25	Supplering av medlem/vara for SV til heradsstyret 2023-2027	
PS 54/25	Årsrekneskap og årsmelding 2024	
PS 55/25	Økonomirapport 1.tertial 2025	
PS 56/25	Førebel's Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029	
PS 57/25	KPA 2025-2035 1.gong politisk handsaming	
PS 58/25	2. gongs handsaming - detaljregulering - Haugemyrane aust Hauge - planID 46302019004	
PS 59/25	Høyring og offentleg ettersyn - detaljregulering offentlege tenester - Hauge - planID 46302020003	
PS 60/25	Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001	
PS 61/25	Framtidig lokalisering av fastlegetenesta i Osterøy kommune	
PS 62/25	Retningslinjer for utleige av kommunale bygg	

- PS 63/25** Retningslinjer for etablering av flyktningar
- PS 64/25** Førebyggjande plan - handlingsdel
- PS 65/25** Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg
- PS 66/25** Trygg Trafikk medlemskap
- PS 67/25** Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv i Osterøy kommune
- PS 68/25** Søknad om fritak frå kommunale verv Offl. § 13 1. ledd,
jf. Fvl. § 13 1. ledd
- PS 69/25** Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon
- PS 70/25** Søknad om fritak frå verv som folkevald for perioden 2023-2027
- PS 71/25** Andre saker/spørsmål/interpellasjoner
- EV 2/25** Evaluering

Lars FjeldstadOrdførar

PS 51/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 51/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Bjarte Aarland (KrF) ønskte ei oppdatering om Fotlandsvåg skule.

Endringsforslag frå Kjersti Vevatne(V):

Sak 65 vert trekt i tråd med vedtak i Levekårsutvalet.

Votering:

Endringsforslag frå Kjersti Vevatne(V) vart vedteke med 15 røyster for og 11 røyster mot.

Røyster for: Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg (H), Tor Georg Hella (H), Stian Torp (Frp), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Ingolvsson Vevatne (V)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Roy Husebø (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend med dei endringane og merknadane som er tatt inn over.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 51/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

Sak 65 vert trekt i tråd med vedtak i Levekårsutvalet.

PS 52/25 Godkjenning av møtebok 22.05.2025

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 52/2025 Godkjenning av møtebok 22.05.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 22.05.2025 vert godkjend

Votering:

Møteboka vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 52/2025 Godkjenning av møtebok 22.05.2025:

Møtebok frå 22.05.2025 vert godkjend

PS 53/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 53/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 53/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande

PS 54/25 Årsrekneskap og årsmelding 2024

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 54/2025 Årsrekneskap og årsmelding 2024:

Innstilling frå Formannskapet:

Årsmelding og rekneskap for 2024 vert godkjent slik dei ligg føre.

Netto driftsresultat er minus kr. 20 177 916,-.

Underskot vert dekkja inn av bruk av hele disposisjonsfondet på kr. 17 220 192,-.

Kr. 2 384 461,- er forskjellen mellom bruk av disposisjonsfondet og underskot og blir framført til inndekning i seinare år.

Avsetninger til bundne driftsfond kr. 4 449 981 -

Bruk av bundne driftsfond er kr. 5 023 244,-

For å unngå å komme på ROBEK-listen må rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 2 384 461,- dekkast inn i 2025 eller i 2026. I prinsippet må dette leggst inn i årsbudsjettet for 2026.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 54/2025 Årsrekneskap og årsmelding 2024:

Årsmelding og rekneskap for 2024 vert godkjent slik dei ligg føre.

Netto driftsresultat er minus kr. 20 177 916,-.

Underskot vert dekkja inn av bruk av hele disposisjonsfondet på kr. 17 220 192,-.

Kr. 2 384 461,- er forskjellen mellom bruk av disposisjonsfondet og underskot og blir framført til inndekning i seinare år.

Avsetninger til bundne driftsfond kr. 4 449 981 -

Bruk av bundne driftsfond er kr. 5 023 244,-

For å unngå å komme på ROBEK-listen må rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 2 384 461,- dekkast inn i 2025 eller i 2026. I prinsippet må dette leggst inn i årsbudsjettet for 2026.

PS 55/25 Økonomirapport 1.tertial 2025

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 55/2025 Økonomirapport 1.tertial 2025:

Innstilling frå Formannskapet 04.06.2025

Økonomirapport pr. 1.tertial 2025 vert teken til vitande.

Tilleggsforslag frå Ann Kristin Borge(Ap):

Heradsstyret ber kommunedirektøren om å få framlegg til kutt på første eller andre heradsstyremøte etter sommarferien.

Tilleggsforslag frå Bjarne Aarland(Krf):

Saksutgreiinga skal synleggjere konsekvensar av føreslåtte tiltak, gjerne samanstilt.

Tiltaka skal frå administrativt hald vere prioriterte.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet, tilleggsforslag frå Ann Kristin Borge(Ap) og Bjarne Aarland(Krf) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 55/2025 Økonomirapport 1.tertial 2025:

Økonomirapport pr. 1.tertial 2025 vert teken til vitande.

Heradsstyret ber kommunedirektøren om å få framlegg til kutt på første eller andre heradsstyremøte etter sommarferien.

Saksutgreiinga skal synleggjere konsekvensar av føreslåtte tiltak, gjerne samanstilt.

Tiltaka skal frå administrativt hald vere prioriterte.

PS 56/25 Førebels Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 56/2025 Førebels Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029:

Innstilling frå Formannskapet:

Førebels Budsjett for 2026 og Økonomiplan 2026-2029 vert teke til vitane.

Heradsstyret gir slike føringar og styringssignal for det vidare arbeidet med budsjettet, og kva hovudprioriteringar som skal gjerast:

1.

2.

Osv.

Framlegg 1 til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Heradsstyret ynskjer i større grad å kunne velge og prioritere mellom ulike tiltak når me handsamar budsjett. Me ber difor Kommunedirektøren å greie ut og legge til rette fleire valmoglegheiter å prioritere mellom til årets budsjetthandsaming.

Heradsstyret meiner at det krevst større grep enn «ostehøvel» for å kome i mål med omstillinga. Men saker som omhandlar store strukturendringar, bør som hovudregel handsamast som eigne politiske saker, med separat påverknadsprosess og ikkje i budsjettsamheng som ein del av større «pakke».

Heradsstyret legg følgande føringar til og styringssignal og ber kommunedirektøren:

Å aktivt søka interkommunalt samarbeid, både for å kunne kutte kostnader men og for å styrke kompetansenivå og fagmiljø.

Å sette i gong ein prosess der ein avhender kommunal eigedom som ikkje er av strategisk viktighet for kommunen å eige.

Vurdere eigedomsmassen og vurdere avhending/sanering av eigedom som er i særskild dårleg stand.

Forsøke å avhende skog og vurdere å avhende skogseigedomar

Halde fram satsinga på lærlingar

Halde fram satsing på vikarpool og vurdere å utvide ordninga og i andre tenester

Vurdere tenestenivået i alle tenester og sikre at nivået samsvarar med inntektsnivået

Prioritere og intensivere tiltak for redusert sjukefråvær

Styrke samarbeidet med private for å etablere fleire bufelleskap for psykisk

utviklingshemma

Utnytte tilboda i Husbanken betre, gjerne i samarbeid med både profesjonelle utbyggjarar

og ideelle aktører.

Vurdere alle ikkje-lovpålagte tenester, inkludert nyleg vedtatte satsingar.

Legge fram forslag til driftstilskot til Osterøy Utvikling.

Administrasjonen må la seg informere frå andre kommunar som har gjennomgått lignande transformasjonar som den Osterøy kommune står overfor, døme Gjesdal kommune / Vestre Toten kommune og andre. KS har OU midlar / Organisasjonsutviklingsmidlar til slik utvikling, må spesifiserast at det er «lederutvikling», Gjesdal kommune fekk dekkja 70/80% av sine kostnader til sin omstilling ved OU midlar.'

Den eksterne hjelpa som kjem inn må dokumentere varige resultat frå andre kommunar. Resultata bør i hovudsak ha komme fram ved hjelp av involvering av alle tilsette og ein kontinuerlig forbedringskultur på alle nivå.

Framlegg2 til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Halde fram arbeidet med å samlokalisere og fjerne «satelitter»

Tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap):

Det bør sjåast på moglegheiter for å øke inntekter på lengre sikt.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet og Framlegg 1 til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart samrøystes vedteke.

Framlegg 2 til vedtak frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart vedteke med 19 røyster for og 7 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg (H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Ingolvdotter Vevatne (V)

Røyster mot: Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Stian Torp (FrP)

Tilleggsforslag frå Alexander Thunestvedt(Ap) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 56/2025 Førebels Budsjett 2026 og Økonomiplan 2026-2029:

Førebels Budsjett for 2026 og Økonomiplan 2026-2029 vert teke til vitane.

Heradsstyret gir slike føringar og styringssignal for det vidare arbeidet med budsjettet, og kva hovudprioriteringar som skal gjerast:

Heradsstyret ynskjer i større grad å kunne velge og prioritere mellom ulike tiltak når me handsamar budsjett. Me ber difor Kommunedirektøren å greie ut og legge til rette fleire valmoglegheiter å prioritere mellom til årets budsjetthandsaming.

Heradsstyret meiner at det krevst større grep enn «ostehøvel» for å kome i mål med omstillinga. Men saker som omhandlar store strukturendringar, bør som hovudregel handsamast som eigne politiske saker, med separat påverknadsprosess og ikkje i budsjettsamanheng som ein del av større «pakke».

Heradsstyret legg følgande føringar til og styringssignal og ber kommunedirektøren:

Å aktivt søka interkommunalt samarbeid, både for å kunne kutte kostnader men og for å styrke kompetansenivå og fagmiljø.

Å sette i gong ein prosess der ein avhender kommunal eigedom som ikkje er av strategisk viktighet for kommunen å eige.

Vurdere eigedomsmassen og vurdere avhending/sanering av eigedom som er i særskild dårleg stand.

Forsøke å avhende skog og vurdere å avhende skogseigedomar

Halde fram satsinga på lærlingar

Halde fram satsing på vikarpool og vurdere å utvide ordninga og i andre tenester

Vurdere tenestenivået i alle tenester og sikre at nivået samsvarar med inntektsnivået

Prioritere og intensivere tiltak for redusert sjukefråvær

Styrke samarbeidet med private for å etablere fleire bufelleskap for psykisk utviklingshemma

Utnytte tilboda i Husbanken betre, gjerne i samarbeid med både profesjonelle utbygarar og ideelle aktørar.

Vurdere alle ikkje-lovpålagte tenester, inkludert nyleg vedtatte satsingar.

Legge fram forslag til driftstilskot til Osterøy Utvikling.

Administrasjonen må la seg informere frå andre kommunar som har gjennomgått lignande transformasjonar som den Osterøy kommune står overfor, døme Gjesdal kommune / Vestre Toten kommune og andre. KS har OU midlar /

Organisasjonsutviklingsmidlar til slik utvikling, må spesifiserast at det er «lederutvikling», Gjesdal kommune fekk dekka 70/80% av sine kostnader til sin omstilling ved OU midlar.'

Den eksterne hjelpa som kjem inn må dokumentere varige resultat frå andre

kommunar. Resultata bør i hovudsak ha komme fram ved hjelp av involvering av alle tilsette og ein kontinuerlig forbedringskultur på alle nivå.

Halde fram arbeidet med å samlokalisere og fjerne «satelitter»

Det bør sjåast på moglegheiter for å øke inntekter på lengre sikt.

PS 57/25 KPA 2025-2035 1.gong politisk handsaming

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 57/2025 KPA 2025-2035 1.gong politisk handsaming:

Før handsaminga av saka ønskte Ragnar Tyssebotn (Frp) og Kim Andre Hartveit (Frp) å få vurdert habiliteten sin på enkelte punkt.

Kim Andre Hartveit (Frp) vart samrøystes kjend ugild i saka om Hundhammer, gnr./bnr. 66/1 (framlegg til vedtak frå Ruben Nilsen, Frp).

Ragnar Tyssebotn (Frp) vart samrøystes kjend ugild i handsaminga av punkt 22 og 23 i innstillinga frå Formannskapet, samt i sakene om Raknesvåg, gnr./bnr. 111/144 (framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp)), og Hjellvik, gnr./bnr. 118/15 (framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap)). Som vara for dei ugilde vart Ingunn Vedå(Frp) kalla inn for både Ragnar Tyssebotn (Frp) og Kim Andre Hartveit (Frp).

Innstilling frå Formannskapet 04.06.2025

Heradsstyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 ut til offentleg ettersyn og høyring i minst 6 veker. Før offentleg høyring og ettersyn skal kommunedirektøren gjere fylgjande endringar i plankart, planskildring og føresegner:

- 1) Kommunedelplan for Hauge vert vidareført, primært for å behalde dei krava planen set til utbygging av sentrumsarealet. Sentrumsarealet er ikkje ferdig bygd ut i dag og føresegnene som gjeld plankrav til sentrumsqualitetar er ikkje vidareført i føresegnene til KPAen. Ved motstrid skal kommunedelplanen gjelde før KPAen.
- 2) Innspel 501 Oddalsmyra, området skal få endra arealføremål frå LNF til næring.
- 3) Innspel nr. 708, Gb.nr. 129/9 LNF spreidd bustad, storleik 49 da, vert tatt inn i plan, med inntil 4 bustadtomter.
- 4) I området på Åsheim (LSB8) som får nytt arealføremål LNF-spreidd, vert makstalet for frittliggande bustadtomter auka frå 4 til 10. Området vert utvida til å omfatte deler av gbnr 63/110 og gbnr 63/1 for å få med området langs Vindberget og området mellom Vindberget og Åsheimsbrekkene. Sjå kartutsnitt oversendt kommunedirektør v/ kommunalsjef Øvsthus.
- 5) Området på 65/3 Kvisti, som er KU-vurdert til bustad, får arealføremål LNF-spreidd og det vert gitt løyve til inntil 10 bustader. Området ligg i ei vik og er ikkje synleg frå brua/fastlandet, slik KUen feilaktig legg til grunn. Området er brunært, ligg sær sars gunstig til med tanke på kollektivknutepunkt på Kvisti og er godt eigna for fleire bustader.

6) Øvre Vikno skal leggst ut til bustad (deler av 64/2 og 65/3). Sjå kartutsnitt oversendt kommunedirektør v/Øvsthus. Det skal vere plankrav på området og før planarbeid vert starta opp skal det gjennomførast KU- og ROS-utgreiing. Det skal ikkje gjevast løyve til bygging i myra.

7) I planskildringa er det sagt om LNF-spreidd at avstanden mellom einingane skal vere stor nok til at området sin karakter framleis vert open og ikkje tettbygd. Der vert like eins sagt at avstanden mellom einingane skal vere slik at areala der framleis er eigna til landbruks- friluft- eller naturområde. Kommunedirektøren skal gje det siste 'kravet' ei ny utforming som gjer det er mogeleg å etablere sams infrastruktur i form av veg og VA i slike område og som ikkje er til hinder for realisering av det makstalet på bustader det vert opna for.

8) For LNF spreidd er det fastsett at lokalisering av bustader ikkje skal skje på dyrka eller dyrkbart areal med eigna jord- og skogbruksproduksjon. (Føresegn 5.3.2) På dette punktet skal føresegnene endrast så det vert mogeleg å bygge på slikt areal. Eit slikt krav er for rigid som ein absolutt regel og vil gjere utbygging umogeleg på ein del av områda. Det er primært fulldyrka jord og anna særskilt verdifulle landbruks-, natur- og friluftareal som skal vernast mot bustadutbygging i slike område.

9) I føresegn 5.3.5 om maks tomtestorleik på 1 daa, skal det leggst inn eit unntak som opnar for tomtestorleik på 1,5 daa om arronderingsomsyn eller andre særskilte grunnar gjer ein slik storleik føremåstenleg.

10) Føresegnene i 2.3 som gjeld sentrumsføremål må vurderast oppdatert i samsvar med føresegnene i Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

11) Det må stillast krav om tilstrekkeleg parkeringsareal i sentrum og behovet skal reknast ut frå det bruksarealet (BRA) som reguleringsplan opnar for. Sjå retningslinene for arealbruk i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, særleg punkt 5.12. Redaksjonelle justeringar.

12) Området Børo i Hosanger beheld arealføremålet LNF-spreidd bustad, med inntil 4 bustader.

13) Punkt 8 b Mjelstad Innspel 707 Gnr 121/ 1 LNF spreidd bustad storleik 9 daa vert tatt inn i planen med inntil fire bustad tomter.

14) «Omfanget av rekkefylgjekrav skal vera rimeleg og ikkje stå i vegen for ønska samfunnsutvikling ved at nye tiltak ikkje må finansiera meir enn deira rettferdige del av ny, relevant infrastruktur i kommunen.»

15) «Områder med viktige natur- og kulturmiljø skal ivaretakast, og natur skal restaurerast og tilbakeførast der dette er råd.» [Ny første setning]

16) Tillegg til pkt. 2.1.5 i planføresegnene: «Kravet til leikeareal kan reduserast dersom bustadområdet ligg nær fri natur som eignar seg for leik.» [på slutten av punktet]

17) Tillegg til pkt. 2.1.6 i planføresegnene: «I bustadområder som vert bygd ut stegvis skal ein søkja å heller laga ein større og betre leikeplass enn fleire små.»

18) Haus: Det vert sett av areal til parkeringsplass på gbnr 62/168 (ved pumpehus) i samsvar med innspel nr. 207.

19) Åsheimsfjellet vert behalde som bustadområde og vert ikkje tilbakeført til LNF.

20) Tomt i Leikneset skal ligge som leikeområde/friområde. Dette er det einaste leikearealet/friområdet i bustadfeltet der.

21) Valestrandsfossen: Eit område på Slettebakken og/eller Brakvatne (gbnr 137/6) skal gjevast eit arealføremål som mogeleggjjer betre parkering til badeplassen ved Brakvatnet. På Slettebakken eig kommunen ein tomt som kan vere aktuell til føremålet. På Brakvatnet har grunneigar akseptert utviding av vegen ved bommen ned mot bekken til parkeringsføremål.

22) Området Båtvikje (gnr/bnr.118/15, ligger sør/vest for hovedbruk) har allerede arealføremål som boligbebyggelse, der den funksjonelle strandsonen blir flyttet ned til sjøkant.

23) Raknes: 1) Raknesvågen, gnr/bnr 111/44 og 144 som får nytt arealføremål som LNF spredt bolig, blir tallet for frittliggende boligtomter økt fra 4 til 10.

24) Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle justeringar i plandokumenta før offentleg ettersyn og høyring.

25) Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

FRP gir følgende innstilling til Herredstyret:

Raknes

1) Raknesvåg, gnr/bnr 111/144, får nytt arealføremål fra LNF til Boligføremål (bebyggelse og anlegg)

2) Raknesvågen, gnr/bnr 111/44, som får nytt arealføremål som LNF spredt bolig, blir åpnet for bygging av 1 stk bolig.

Bysheim

1) På Bysheim blir gnr/bnr 80/25, 28 og 29 lagt inn som LNF spredt med 1 stk bolig på hver tomt.

Hamre

1) På Hamre i Olderskogen gnr/bnr. 130/3, blir området lagt ut som LNF spredt og det åpnes for å bygge 4 stk boliger.

2) På Hamre gnr/bnr 130/17 som får nytt arealføremål som LNF spredt, blir det øket opp fra 4 til 10 stk boliger.

Mjeldstad

1) Einar Håland, gnr/bnr 121/1 som får nytt arealformål som LNF spredt, økes antall boliger fra 2 til 5 stk.

26) Framlegg til vedtak frå Ruben Nilsen(Frp):

Gards og bruksnummer 66/1(hundhammer)

Ønskjer på sikt å få attåtnering på garden i form av blant annet overnatting/turisme.

Framtidig plan er 5 små hytter (ca 30 kvadrat pr stk)som vil stå på uberørt natur, eksempelvis oppmurt såle uten sprengning/omfattende terrenginngrep.

framlegg til vedtak

5 hytter blir lagt inn som LNF-spreidd næring

der 2 av hyttene blir i nærleik av sjø (innenfor 100 meter)

og 3 blir over 100 meter grensa

hyttene ved sjø skal stå på oppmurt såle\ringmur uten terreng inngrep og kan i framtida tilbake føres uten sår i naturen.

hyttene over 100 meter sona skal også bygges uten vesentlig terreng inngrep men små tilpassninger kan gjennomføres som dømes planering av stein til plassering av hytter.

27) Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap):

Hjellvik

6) Gbnr 118/ 15, Svartevågen på Hjellvik, får endra arealformål frå LNF, til Boligformål (bebyggelse og anlegg), Den funksjonelle strandsonen/byggegrensa mot sjø vert flytta ned til sjøkanten for hele eiendommen, medrekna naustteigen. Det meste av eiedommen og dei planlagde husa ligg høgt over og utilgjengeleg frå sjøen. Nausteigedommen ligg sjølvstøtt ved sjøen, men midt i eit område som allereie er lagt ut til bustad som ligg ved sjøen. Ny busetnad vil såleis ikkje kome i konflikt med natur og friluftsinteresser i strandsona.

-

I planskildringa, under punktet Framtidig utvikling på Haugo, skal det som står om at det på sikt er ønskeleg at areal som i dag ligg som næringsområde på Haugo blir gjort om til sentrumsformål fjernast. Det skal også setninga om at industri, lagerverksemd og støyande verksemd på sikt bør lokalisast på Espevoll og må bli vurdert i neste revisjon av KPA. For det tilfellet at det ikkje vert sett av areal til oppretting av ny bussterminal i framlegget til kommunedirektøren til KPA, skal også det som står om bussterminal fjernast. Slike vurderingar høyrer naturleg heime i ein eventuell områdeplan for Hauge eller i neste KPA.

-

Området ved Framhall (Istak-tomten) skal KU- og ROS-vurderast før høyring.

-

Lonevåg:

Kårvika transformasjonsområde blir tatt ut og beheld dagens arealføremål.

-

Tilleggsforslag frå Herdis Helle(Ap):

Det som står i planskildringa, under punktet, Vidare sentrumsutvikling, vert tatt ut og erstatta med fylgjande tekst: «Det er avgjerande at vidare sentrumsutvikling på Hauge går føre seg i kontrollerte former og ikkje svekker kommunesenteret Lonevåg. Det er ikkje ynskjeleg med ei utvikling som legg til rette for anna detaljhandel i Hauge sentrum enn daglegvareforretning. Dei fleste på Osterøy bur ikkje i gangavstand til Hauge, og eit større handlesenter her vil verte bilbasert. Eit større handlesenter vil skape store trafikale utfordringar utan omfattande rekkefylgjekrav. Ei utbygging av sentrumsområdet skal skje i samsvar med føringane som ligg i Kommundelplan for Hauge og føresegnene i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Dette er særleg viktig med tanke på utforming av gode fellesareal, trafikk- og parkeringsløyisingar. Utbygging skal ha ein storleik som er tilpassa Hauge-Valestrand sin plass i kommunestrukturen og som gjev ei føremålstenleg fordeling av funksjonar i eit områdesenter(Valestrand/Hauge) med to sentrumsområde og der tanken er at dei to bygdene skal vekse saman til ei grend.

28) Framlegg til vedtak frå Aksel Mjøs(H):

Område 9 Fotland og Tysse:

Næringsområdet på Saltverket på Gatland og ved Tysse Mek verkstad må vidareførast i planarbeidet og i planen.

Det er overordna viktig å vera tilbakehaldne med rekkefylgjekrav slik at dei ikkje står i vegen for ønska samfunnsutvikling og heller ikkje pålegg initiativrike ostringar (=utbyggjarar) større ansvar for å finansiera utbygging av samfunnsmessig infrastruktur enn det som er rimeleg.

Denne infrastrukturen kjem fellesskapet til gode, då er det ikkje rimeleg at dei som er ansvarlege for eit tiltak, og deira kundar/kjøparar, skal finansiera meir enn deira rettferdige del. Dette inneber eit fokus på trygge skuleveggar til næraste offentlege skule

(<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=19cae1f26373480bb67c4323ff14c576>) og ikkje generell infrastruktur for mjuke trafikantar.

* Tillegg til pkt. 1.6. i planføresegnene: «Omfanget av rekkefylgjekrav skal vera rimeleg og ikkje stå i vegen for ønska samfunnsutvikling ved at nye tiltak ikkje må finansiera meir enn deira rettferdige del av ny, relevant infrastruktur i kommunen.»

* Tillegg til pkt. 1.11 i planføresegnene: «Områder med viktige natur- og kulturmiljø skal ivaretakast, og natur skal restaurerast og tilbakeførast der dette er råd.» [Ny første setning]

29) Framlegg til vedtak frå Lars Fjeldstad (Sp):

Revidert fullmakt

Heradsstyret gjer kommunedirektøren følgjande fullmakter til vidare arbeid med plandokumenta før offentleg ettersyn og høyring:

- a. Fullmakt til å gjere naudsynnte redaksjonelle justeringar
- b. Fullmakt til å rette og supplere faglege element i planskildring, KU og ROS-analyse i samsvar med vedteken arealbruk av Heradsstyret

Votering:

26) Framlegg til vedtak frå Ruben Nilsen(Frp) vart vedteke med 14 røyster for og 12 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp(FrP), Frode Flesland (SP), Kjellaug Hartveit (SP),

Røyster mot: Gerd Karin Njaastad(SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Atle Solberg(H), Lars Fjeldstad (SP), Johannes Haugland(Sp), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (V)

Merknad: Kim Andre Hartveit (FrP) røysta ikkje i saka då han vart kjend ugild, og gildskapsvara Ingunn Vedå (FrP) vart kalla inn.

Punk 22 frå innstillinga (**Området Båtvikje (gnr/bnr.118/15, ligger sør/vest for hovedbruk) har allerede arealforemål som boligbebyggelse, der den funksjonelle strandsonen blir flyttet ned til sjøkant.**) fall med 6 røyster for og 20 røyster mot.

Røyster for: Johannes Haugland(Sp), Tor Georg Hella (H), Frode Flesland (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Gerd Karin Njaastad(SP), Kjellhaug Hartveit(Sp)

Merknad: Ragnar Tyssebotn (Frp) røysta ikkje i saka då han vart kjend ugild, og gildskapsvara Ingunn Vedå (FrP) vart kalla inn.

Punk 23 frå innstillinga (**Raknesvågen, gnr/bnr 111/44 og 144 som får nytt arealformål som LNF spredt bolig, blir tallet for frittliggende boligtomter økt fra 4 til 10.**) fall med 1 røyst for og 20 røyster mot.

Røyster for: Geir Olsen (AP)

Merknad: Ragnar Tyssebotn (Frp) røysta ikkje i saka då han vart kjend ugild, og gildskapsvara Ingunn Vedå (FrP) vart kalla inn.

25) Kim Andre Hartveit (Frp) sitt framlegg til vedtak (Raknesvåg, gnr/bnr 111/144, får nytt arealformål fra LNF til Boligformål (bebyggelse og anlegg)) fall med 11 røyster for og 15 røyster mot.

Røyster for: Kim Andre Hartveit (Frp), Stian Torp(FrP), Ruben Nilsen(Frp), Roy Husebø (INP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Ann Helen Solberg (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP),Tor Georg Hella (H), Johannes Haugland(Sp) Ingunn Vedå(FrP)

Merknad: Ragnar Tyssebotn (Frp) røysta ikkje i saka då han vart kjend ugild, og gildskapsvara Ingunn Vedå (FrP) vart kalla inn.

27) Framlegget frå Geir Olsen(Ap) om Hjellvik (gbnr. 118/15) vart vedteke med 17 røyster for og 9 røyster mot.

Røyster for: Ruben Nilsen(FrP), Kurt Ove Øksnes(FrP), Geir Olsen(Ap), Kim Andre Hartveit (Frp),Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Stian Torp(FrP), Herdis Helle(Ap), Johannes Haugland(Sp), Ann Kristin Borge (AP),Tor Georg Hella (H), Ann Helen Solberg (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Alexander Thunestvedt (AP), Roy Husebø (INP), Frode Flesland (SP), Kjellaug Hartvik(SP) Ingunn Vedå(FrP)

Merknad: Ragnar Tyssebotn (Frp) røysta ikkje i saka då han vart kjend ugild, og gildskapsvara Ingunn Vedå (FrP) vart kalla inn.

29) Framlegg til vedtak frå Lars Fjeldstad (Sp) om revidert fullmakt vart samrøystes vedteke.

28) Framlegg til vedtak frå Aksel Mjøs(H) vart vedteke med 24 røyster for og 2 røyster mot(Herdis Helle(Ap),: Ann Kristin Borge(Ap)

1) Punkt 1 frå innstillinga vart vedteke med 19 røyster for og 7 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Tor Georg Hella (H),

Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg(H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Lars Fjeldstad (SP), Kjersti Vevatne (V)

2) Punkt 2 frå innstillinga vart vedteke med 25 røyster for og 1 røyst(Kjersti Vevatne (V)) mot.

3) Punkt 3 frå innstillinga vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster(Aksel Mjøs (H), Roald Martinsen (H), Bjarte Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Vevatne (V)) mot.

4) Punkt 4 frå innstillinga vart vedteke med 23 røyster for og 3 røyster(Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Kjersti Vevatne (V)) mot.

5) Punkt 5 frå innstillinga vart vedteke med 21røyster for og 5 røyster(Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Vevatne (V)) mot.

6) Punkt 6 frå innstillinga vart vedteke med 19 røyster for og 7 røyster(Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Gerd Karin Njaastad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Vevatne (V) mot.

7) Punkt 7 frå innstillinga vart vedteke med 23 røyster for og 3 røyster(Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Vevatne (V)) mot.

8) Punkt 8 frå innstillinga vart vedteke med 14 røyster for og 12 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (Frp), Atle Solberg(SP)

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Vevatne (V)

9) Punkt 9 frå innstillinga vart vedteke med 18 røyster for og 8 røyster(Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Kjersti Vevatne (V)) mot.

10) Punkt 10 frå innstillinga vart vedteke med 17 røyster for og 9 røyster(Ann Helen Solberg (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg (H), Tor Georg Hella (H),

Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Lars Fjeldstad (SP), Kjersti Vevatne (V)) mot.

11) Punkt 11 frå innstillinga vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster mot (Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Kjersti Vevatne (V)).

12) Punkt 12 frå innstillinga vart vedteke med 24 røyster for og 2 røyster mot (Roald Waldemar Martinsen (H), Kjersti Vevatne (V))

13) Punkt 13 frå innstillinga fell med 3 røyster for (Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)) og 23 røyster mot.

14) Punkt 14 frå innstillinga vart vedteke med 22 røyster for og 4 røyster mot (Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Kjersti Vevatne (V))

15) Punkt 15 frå innstillinga vart vedteke med 23 røyster for og 3 røyster mot (Herdis Helle (AP), Johannes Haugland (SP), Kjersti Vevatne (V))

16) Punkt 16 frå innstillinga vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster mot (Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Kjersti Vevatne (V)).

17) Punkt 17 frå innstillinga vart vedteke med 21 røyster for og 5 røyster mot (Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Roy Husebø (INP), Kjersti Vevatne (V)).

18) Punkt 18 frå innstillinga vart vedteke med 25 røyster for og 1 røyst mot (Kjersti Vevatne (V)).

19) Punkt 19 frå innstillinga vart vedteke med 15 røyster for og 11 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Kjellaug Hartveit (SP)

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Gerd Karin Njaastad (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Ingolvdotter Vevatne (V)

20) Punkt 20 frå innstillinga vart samrøystes vedteke.

21) Punkt 21 frå innstillinga vart vedteke med 23 røyster for og 3 røyster mot (Frode Flesland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Kjersti Vevatne (V)).

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (FrP), Raknesvågen, gnr/bnr 111/44, vart vedteke med 17 røyster for og 9 røyster (Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg

(H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Gerd Karin Njaastad (SP), Ordfører Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (V)) mot.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp),Bysheim gnr/bnr 80/25, 28 og 29, fell med 10 røyster(Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (Frp), Stian Torp (INP), Frode Flesland (SP)) for og 16 røyster mot.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp), Hamre i Olderskogen gnr/bnr. 130/3, vart vedteke med 20 røyster for og 6 røyster mot(Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (V).

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp), Hamre gnr/bnr 130/17, vart vedteke med 14 røyster for og 12 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Atle Solberg(H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (Frp), Stian Torp (FrP)

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordfører Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (V)

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp), Mjeldstad Einar Håland, gnr/bnr 121/1, vart vedteke med 16 røyster for og 10 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Atle Solberg(H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (Frp), Helge Valestrand Edvardsdal (SP)

Røyster mot: Roald Waldemar Martinsen (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordfører Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (V)

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap), sentrumsutvikling på Haugo, fall med 8 røyyster for og 18 mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Tilleggsforslag frå Herdis Helle(Ap), framtidig utvikling på Haugo, vart vedteke med 16 røyster for og 10 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (Frp), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Kjersti Vevatne (V)

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap), Framhall (Istak-tomten), falt med 4 røyster(Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP)) for og 22 mot.

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap), Kårvika transformasjonsområde, fall med 9 røyster for og 17 røyster mot.

Røyster for: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Stian Torp (Frp),

Røyster mot: Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Atle Solberg (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Gerd Karin Njaastad (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Kjersti Vevatne (V), Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Roy Husebø (INP), Frode Flesland (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Kjellaug Hartveit (SP)

Innstillinga frå Formannskapet om å leggje ut KPA på høyring vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 57/2025 KPA 2025-2035 1.gong politisk handsaming:

Heradsstyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 ut til offentleg ettersyn og høyring i minst 6 veker.

Før offentleg høyring og ettersyn skal kommunedirektøren gjere fylgjande endringar i plankart, planskildring og føresegner:

Heradsstyret gjer kommunedirektøren følgjande fullmakter til vidare arbeid med plandokumenta før offentleg ettersyn og høyring:

Fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle justeringar.

Fullmakt til å rette og supplere faglege element i planskildring, KU og ROS-analyse i samsvar med vedteken arealbruk av Heradsstyret.

Gards og bruksnummer 66/1(hundhammer)

Ønskjer på sikt å få attåtnæring på garden i form av blant annet overnatting/turisme.

Framtidig plan er 5 små hytter (ca 30 kvadrat pr stk)som vil stå på uberørt natur, eksempelvis oppmurt såle uten sprengning/omfattende terrenginngrep.

framlegg til vedtak

5 hytter blir lagt inn som LnF-spreidd næring

der 2 av hyttene blir i nærleik av sjø (innenfor 100 meter)

og 3 blir over 100 meter grensa

hyttene ved sjø skal stå på oppmurt såle\ringmur uten terreng inngrep og kan i framtida tilbake føres uten sår i naturen.

hyttene over 100 meter sona skal også byggjes uten vesentlig terreng inngrep men små tilpassningar kan gjennomføres som dømes planering av stein til plassering av hytter.

Hjellvik

6) Gbnr 118/ 15, Svartevågen på Hjellvik, får endra arealformål frå LNF, til Boligformål (bebyggelse og anlegg), Den funksjonelle strandsonen/byggegrensa mot sjø vert flytta ned til sjøkanten for hele eiendommen, medrekna nausteigen. Det meste av eigedommen og dei planlagde husa ligg høgt over og utilgjengeleg frå sjøen. Nausteigedommen ligg sjølvsagt ved sjøen, men midt i eit område som allereie er lagt ut

til bustad som ligg ved sjøen. Ny busetnad vil såleis ikkje kome i konflikt med natur og friluftsinnteresser i strandsona.

Område 9 Fotland og Tysse:

Næringsområdet på Saltverket på Gatland og ved Tysse Mek verkstad må vidareførast i planarbeidet og i planen.

Det er overordna viktig å vera tilbakehaldne med rekkefølgjekrav slik at dei ikkje står i vegen for ønska samfunnsutvikling og heller ikkje pålegg initiativrike ostringar (=utbyggjarar) større ansvar for å finansiera utbygging av samfunnsmessig infrastruktur enn det som er rimeleg. Denne infrastrukturen kjem fellesskapet til gode, då er det ikkje rimeleg at dei som er ansvarlege for eit tiltak, og deira kundar/kjøparar, skal finansiera meir enn deira rettfærdige del. Dette inneber eit fokus på trygge skuleveggar til næraste offentlege skule

(<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=19cae1f26373480bb67c4323ff14c576>) og ikkje generell infrastruktur for mjuke trafikantar.

* Tillegg til pkt. 1.6. i planføresegnene: «Omfanget av rekkefølgjekrav skal vera rimeleg og ikkje stå i vegen for ønska samfunnsutvikling ved at nye tiltak ikkje må finansiera meir enn deira rettfærdige del av ny, relevant infrastruktur i kommunen.»

* Tillegg til pkt. 1.11 i planføresegnene: «Områder med viktige natur- og kulturmiljø skal ivaretakast, og natur skal restaurerast og tilbakeførast der dette er råd.» [Ny første setning]

Kommunedelplan for Hauge vert vidareført, primært for å behalde dei krava planen set til utbygging av sentrumsarealet. Sentrumsarealet er ikkje ferdig bygd ut i dag og føresegnene som gjeld plankrav til sentrums-kvalitetar er ikkje vidareført i føresegnene til KPAen. Ved motstrid skal kommunedelplanen gjelde før KPAen.

Innspel 501 Oddalsmyra, området skal få endra arealføremål frå LNF til næring.

Innspel nr. 708, Gb.nr. 129/9 LNF spreidd bustad, storleik 49 da, vert tatt inn i plan, med inntil 4 bustadtomter.

I området på Åsheim (LSB8) som får nytt arealføremål LNF-spreidd, vert makstalet for frittliggande bustadtomter auka frå 4 til 10. Området vert utvida til å omfatte delar av gbnr 63/110 og gbnr 63/1 for å få med området langs Vindberget og området mellom Vindberget og Åsheimsbrekkene. Sjå kartutsnitt oversendt kommunedirektør v/ kommunalsjef Øvsthus.

Området på 65/3 Kvisti, som er KU-vurdert til bustad, får arealføremål LNF-spreidd og det vert gitt løyve til inntil 10 bustader. Området ligg i ei vik og er ikkje synleg frå brua/fastlandet, slik KU-en feilaktig legg til grunn. Området er brunært, ligg særst gunstig til med tanke på kollektivknutepunkt på Kvisti og er godt eigna for fleire bustader.

Øvre Vikno skal leggst ut til bustad (deler av 64/2 og 65/3). Sjå kartutsnitt oversendt kommunedirektør v/Øvsthus. Det skal vere plankrav på området og før planarbeid vert starta opp skal det gjennomførast KU- og ROS-utgreiing. Det skal ikkje gjevast løyve til bygging i myra.

I planskildringa er det sagt om LNF-spreidd at avstanden mellom einingane skal vere stor nok til at området sin karakter framleis vert open og ikkje tettbygd. Der vert like eins sagt at avstanden mellom einingane skal vere slik at areala der framleis er eigna til landbruks-frilufts- eller naturområde. Kommunedirektøren skal gje det siste 'kravet' ei ny utforming som gjer det er mogeleg å etablere sams infrastruktur i form av veg og VA i slike område og som ikkje er til hinder for realisering av det makstalet på bustader det vert opna for.

For LNF spreidd er det fastsett at lokalisering av bustader ikkje skal skje på dyrka eller dyrkbart areal med eigna jord- og skogbruksproduksjon. (Føresegn 5.3.2) På dette punktet skal føresegnene endrast så det vert mogeleg å bygge på slikt areal. Eit slikt krav er for rigid som ein absolutt regel og vil gjere utbygging umogeleg på ein del av områda. Det er primært fulldyrka jord og anna særskilt verdifulle landbruks-, natur- og friluftsareal som skal vernast mot bustadutbygging i slike område.

I føresegn 5.3.5 om maks tomtestorleik på 1 daa, skal det leggst inn eit unntak som opnar for tomtestorleik på 1,5 daa om arronderingsomsyn eller andre særskilte grunnar gjer ein slikt storleik føremålstenleg.

Føresegnene i 2.3 som gjeld sentrumsføremål må vurderast oppdatert i samsvar med føresegnene i Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Raknesvågen, gnr/bnr 111/44, som får nytt arealformål som LNF spredt bolig, blir åpnet for bygging av 1 stk bolig.

På Hamre i Olderskogen gnr/bnr. 130/3, blir området lagt ut som LNF spredt og det åpnes for å bygge 4 stk boliger.

På Hamre gnr/bnr 130/17 som får nytt arealformål som LNF spredt, blir det øket opp fra 4 til 10 stk boliger.

Mjeldstad Einar Håland, gnr/bnr 121/1 som får nytt arealforemål som LNF spredt, økes antall boliger fra 2 til 5 stk.

Det må stillast krav om tilstrekkeleg parkeringsareal i sentrum og behovet skal reknast ut frå det bruksarealet (BRA) som reguleringsplan opnar for. Sjå retningslinene for arealbruk i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, særleg punkt 5.12. Redaksjonelle justeringar.

Området Børo i Hosanger beheld arealføremålet LNF-spreidd bustad, med inntil 4 bustader.

«Omfanget av rekkefylgjekrav skal vera rimeleg og ikkje stå i vegen for ønska samfunnsutvikling ved at nye tiltak ikkje må finansiera meir enn deira rettferdige del av ny, relevant infrastruktur i kommunen.»

«Områder med viktige natur- og kulturmiljø skal ivaretakast, og natur skal restaurerast og tilbakeførast der dette er råd.» [Ny første setning]

Tillegg til pkt. 2.1.5 i planføresegnene: «Kravet til leikeareal kan reduserast dersom bustadområdet ligg nær fri natur som eignar seg for lek.» [på slutten av punktet]

Tillegg til pkt. 2.1.6 i planføresegnene: «I bustadområder som vert bygd ut stegvis skal ein søkja å heller laga ein større og betre leikeplass enn fleire små.»

Haus: Det vert sett av areal til parkeringsplass på gbnr 62/168 (ved pumpehus) i samsvar med innspel nr. 207.

Åsheimsfjellet vert behalde som bustadområde og vert ikkje tilbakeført til LNF.

Tomt i Leikneset skal ligge som leikeområde/friområde. Dette er det einaste leikearealet/friområdet i bustadfeltet der.

Valestrandsfossen: Eit område på Slettebakken og/eller Brakvatne (gbnr 137/6) skal gjevast eit arealføremål som mogeleggjjer betre parkering til badeplassen ved Brakvatnet. På Slettebakken eig kommunen ein tomt som kan vere aktuell til føremålet. På Brakvatnet har grunneigar akseptert utviding av vegen ved bommen ned mot bekken til parkeringsføremål.

I planskildringa, under punktet Framtidig utvikling på Haugo, skal det som står om at det på sikt er ønskjeleg at areal som i dag ligg som næringsområde på Haugo blir gjort om til sentrumsføremål fjernast. Det skal også setninga om at industri, lagerverksemd og støyande verksemd på sikt bør lokalisrast på Espevoll og må bli vurdert i neste revisjon av KPA. For det tilfellet at det ikkje vert sett av areal til oppretting av ny bussterminal i framlegget til kommunedirektøren til KPA, skal også det som står om bussterminal fjernast. Slike vurderingar høyrer naturleg heime i ein eventuell områdeplan for Hauge eller i neste KPA.

PS 58/25 2. gongs handsaming - detaljregulering - Haugemyrane aust Hauge - planID 46302019004

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 58/2025 2. gongs handsaming - detaljregulering - Haugemyrane aust Hauge - planID 46302019004:

Før handsaminga av saka ønskte Kjersti Vevatne (V) å få vurdert si habilitet.

Habilitetsvurderinga var ikkje meldt inn på førehand, og det var difor ikkje kalla inn vara. Kjersti Vevatne (V) vart erklært ugild med 15 for og 10 røyster for gild. **Kjersti Vevatne (V)** skal ikkje delta i handsaminga av saka.

Røyster for ugidd: Lars Fjeldstad (SP), Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge(AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roald Waldemar Martinsen (H), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP),

Røyster for gild: Bjarthe Aarland(Krf), Sebastian Andre Haugland(H), Tor Georg Hella(H), Ruben Nielsen(FrP), Kurt Ove Øksnes(FrP), Kim Andre Hartveit(FrP), Aksel Mjøs(H), Roy Husebø(INP), Stian Torp(Frp), Ann Helen Solberg(Frp)

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 11.06.2025

Forslag til reguleringsplan for Haugemyrane aust – Hauge – planID 46302019004 med plankart datert 25.03.2025, føresegner datert 25.03.2025, planskildring datert 27.03.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Tilleggsforslag frå Frode Flesland(Sp):

Tillegg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret har fylgjande merknad til planen og ber om at dette vert tatt konkret stilling til i høyringsperioden:

Det er ei generell bekymring for Heradsstyret at opparbeidinga av tiltaka for mjuke trafikantar ikkje er godt nok ivareteke i dagens planforslag.

Heradsstyret vurderer det som særskild viktig det vert sikra opparbeid gode løysingar for mjuke trafikantar i samband realisering av resten av denne planen.

Ein ber om at ansvarsfordeling for opparbeiding vert klargjort til neste gong saka skal handsamast. Heradsstyret ber og konkret om:

- a) Vurdere å legge inn krysningspunkt for fotgjengarar over fylkesveg på plankartet
- b) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg frå Hodlebrautsvegen forbi Opro til bussterminalen skal vere ferdigstilte før mellombels bruksløyve.
- c) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg mot Lonevåg heilt til enden av butikktomten/planområdet skal vere ferdigstilte før mellombels bruksløyve.

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap):

Grunngjeving:

Tomten som skal regulerast ligg i eit område med store trafikale utfordringar for mjuke trafikantar og som er skuleveg. Tiltaket vil føre til betydeleg auke i biltrafikken. Det er viktig at betre infrastruktur for fotgjengarar er på plass før det vert gitt mellombels bruksløyve. Det gjeld både krysningspunkt over fylkesveg og fortau frå busshaldeplass/Osterøytunet til butikktomten.

For å avgrense mogeleg overvannsproblematikk mot kommunal veg og fylkesveg, og for å få ein god estetikk, er det dessutan sentralt at skråningar mot fylkesveg og kommunal veg blir sådd i/beplanta før mellombels bruksløyve.

Tomten ligg i eit område der Osterøy kommune – i framlegget til ny KPA – signaliserer at det skal leggjast ut nye store sentrumsareal. Det ligg også inne framlegg i KPA om at det skal etablerast ei gangbru i enden av Hodlebrautsvegen og over til den nye Strilaparket der det er opna for nye bustader og idrettsanlegg med 5000 sitjeplassar. Dette vil genererer ytterlegare trafikale utfordringar i området og det må setjast av tilstrekkeleg byggegrense mot fylkesveg og langs kommunal veg for å ta høgde for framtidige veganlegg. Det kan i framtida verte behov både for etablering av rundkøyring, utviding av fylkesveg og tosidig fortau langs Hodlebrautvegen. Det er difor behov for at byggegrensa mot fylkesveg vert sett til 30 meter og byggegrensa mot den kommunale vegen blir sett til 15 meter for å sikre framtidige arealbehov til trafikal infrastruktur.

Eit BRA på inntil 3000 meter er for stort til tomten. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg parkeringsareal til eit så stort forretningsareal der, noko som skaper risiko for villparkering langs veger og parkering på andre tomtar i området. Det er ikkje infrastrukturen i Hodlebrautsvegen tilrettelagd for. 3000 kvm forretning er heller ikkje tilpassa områdesenteret

Punkter

1.

1) Heradsstyret sender saka/planframlegget attende til ny handsaming, jf. pbl § 12-12 første ledd, fjerde punktum.

2.

1) Heradstyret gjev fylgjande retningsliner for det vidare arbeidet med planen, jf. pbl § 12-12 første ledd, femte punktum:

a) Vurdere å endre byggegrensa til fylkesvegen frå 25 meter til 30 meter i plankartet.

b) Vurdere å teikne inn kryssningspunkt for fotgjengarar over fylkesveg på plankartet

c) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg frå Hodlebrautsvegen langs Opro (som knyter butikkområdet saman med det fortauet fylkeskommunen held på å bygge) skal vere ferdigstilte før mellombels bruksløyve.

d) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg mot Lonevåg skal oppgraderast til dagens standard (i eksisterande fortau si lengde) før mellombels bruksløyve.

e) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at eksisterande fortau langs Holdebrautsvegen ved innkøyringa til butikken skal oppgraderast til dagens standard.

f) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene om at skråningar mot Hodlebrautsvegen og fylkesvegen skal såast i/beplantast, slik situasjonplan og illustrasjonar syner, før mellombels bruksløyve.

3.

a) Vurdere å redusere maksimalt antal BRA til forretningsareal frå inntil 3000 kvadratmeter til 1500 kvadratmeter.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap).

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart vedteke med 21 røyster for og 4 røyster(4Ap) for framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap).

Tilleggsforslag frå Frode Flesland(Sp) vart vedteke med 13 røyster(7Sp, 2Krf, 4Ap) for og 12 røyster mot.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 58/2025 2. gongs handsaming - detaljregulering - Haugemyrane aust Hauge - planID 46302019004:

Forslag til reguleringsplan for Haugemyrane aust – Hauge – planID 46302019004 med plankart datert 25.03.2025, føresegner datert 25.03.2025, planskildring datert 27.03.2025

– med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Heradsstyret har fylgjande merknad til planen og ber om at dette vert tatt konkret stilling til i høyringsperioden:

Det er ei generell bekymring for Heradsstyret at opparbeidinga av tiltaka for mjuke trafikantar ikkje er godt nok ivareteke i dagens planforslag.

Heradsstyret vurderer det som særskild viktig det vert sikra opparbeid gode løysingar for mjuke trafikantar i samband realisering av resten av denne planen.

Ein ber om at ansvarsfordeling for opparbeiding vert klargjort til neste gong saka skal handsamast. Heradsstyret ber og konkret om:

- a) Vurdere å legge inn krysningspunkt for fotgjengarar over fylkesveg på plankartet
- b) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg frå Hodlebrautsvegen forbi Opro til bussterminalen skal vere ferdigstilte før mellombels bruksløyve.
- c) Vurdere å legge inn rekkefylgjekrav i føresegnene på at fortau langs fylkesveg mot Lonevåg heilt til enden av butikktomten/planområdet skal vere ferdigstilte før mellombels bruksløyve.

PS 59/25 Høyring og offentlig ettersyn - detaljregulering offentlege tenester - Hauge - planID 46302020003

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 59/2025 Høyring og offentlig ettersyn - detaljregulering offentlege tenester - Hauge - planID 46302020003:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 11.06.2025:

Forslag til reguleringsplan for offentlege tenester Hauge – planID 4630202003 med plankart datert 16.04.2025, føresegner datert 16.04.2025, planskildring datert 16.04.2025 – med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §12-10.

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen(Sp):

Saken utsettes til kommunen har fått utgreidd alternativet med bytte av tomt med Anders Hauge og lagt frem en kostnadskalkyle på bygg, VA og vei som sammenligner begge alternativene.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Roald Martinsen(Sp) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 59/2025 Høyring og offentlig ettersyn - detaljregulering offentlege tenester - Hauge - planID 46302020003:

Saken utsettes til kommunen har fått utgreidd alternativet med bytte av tomt med Anders Hauge og lagt frem en kostnadskalkyle på bygg, VA og vei som sammenligner begge alternativene.

PS 60/25 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 60/2025 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001:

Før handsaminga av saka ønskte Aksel Mjøs (H) å få vurdert si gildskap.

Som varamedlem vart Atle Solberg (H) kalla inn. Aksel Mjøs (H) vart samrøystes kjent inhabil og skal ikkje delta i handsaminga av saka.

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 11.06.2025

Med heimel i plan og bygningslova §12-12 vedtek Osterøy Heradsstyre reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone, PlanID 4630_2022001, med plankart datert 23.10.2024, føresegn og planskildring datert 24.10.2024.

Vilkår: Endring av føresegn 3.3.1.b

“Før tiltak i sjø kan setjast i gang må krysset til fylkesvegen, regulert i plan for Helldal hyttefelt plan ID 1253 2011 006, være opparbeidd med tilhøyrande frisktsoner til fylkesveg 567.”

Vert endra til:

“Før tiltak innafor planområdet kan setjast i gang må krysset til fylkesvegen, regulert i plan for Helldal hyttefelt plan ID 1253 2011 006, være opparbeidd med tilhøyrande frisktsoner til fylkesveg 567.”

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 60/2025 Vedtak av reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone - PlanID 4630_2022001:

Med heimel i plan og bygningslova §12-12 vedtek Osterøy Heradsstyre reguleringsplan for Helldal småbåthamn og strandsone, PlanID 4630_2022001, med plankart datert 23.10.2024, føresegn og planskildring datert 24.10.2024.

Vilkår: Endring av føresegn 3.3.1.b

“Før tiltak i sjø kan setjast i gang må krysset til fylkesvegen, regulert i plan for Helldal hyttefelt plan ID 1253 2011 006, være opparbeidd med tilhøyrande frisiktsoner til fylkesveg 567.”

Vert endra til:

“Før tiltak innafor planområdet kan setjast i gang må krysset til fylkesvegen, regulert i plan for Helldal hyttefelt plan ID 1253 2011 006, være opparbeidd med tilhøyrande frisiktsoner til fylkesveg 567.”

PS 61/25 Framtidig lokalisering av fastlegetenesta i Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 61/2025 Framtidig lokalisering av fastlegetenesta i Osterøy kommune:

Innstilling frå Formannskapet 04.06.2025

1. Alle legane vert samla i Lonevåg på dagens Legekontor.

2. Framtidig lokalisering på Omsorg+ vert vidare utgreidd og kommunedirektøren skal forsøke å løyse dette omlag innanfor ein kostand som tilsvarar 30 år med leige av dagens areal med estimert pristtiigning.

Framlegg til vedtak 1 frå Lars Fjeldstad(Sp):

Framtidig lokalisering på Omsorg+ vert vidare utgreidd og kommunedirektøren skal forsøke å løyse dette omlag innanfor ein kostand som tilsvarar 30 år med leige av dagens areal med estimert pristtiigning.

Framlegg til vedtak 2 frå Lars Fjeldstad (Sp):

Delen av saka som omhandlar midlertidig plassering inntil Omsorg+ er klart vert sendt tilbake til administrasjonen for omarbeiding og skal leggest fram for heradsstyret første møtet etter sommaren.

Kommunedirektøren får i oppdrag å gå i dialog med huseigar på Valestrand slik at det i saka foreligg eit konkret tilbod om forlenging av leigeavtalen.

Kommunedirektøren skal og sikre at alle fastlegane får påverka og sei si meining i saka.

Votering:

Framlegg til vedtak 1 frå Lars Fjeldstad (Sp) vart vedteke med 23 røyster for og 3 røyster mot(Geir Olsen(Ap), Herdis Helle (Ap), Roy Husebø (Inp).

Framlegg til vedtak 2 frå Lars Fjeldstad (Sp) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 61/2025 Framtidig lokalisering av fastlegetenesta i Osterøy kommune:

Framtidig lokalisering på Omsorg+ vert vidare utgreidd og kommunedirektøren skal forsøke å løyse dette omlag innanfor ein kostand som tilsvarar 30 år med leige av dagens areal med estimert pristtiigning.

Delen av saka som omhandlar midlertidig plassering inntil Omsorg+ er klart vert sendt tilbake til administrasjonen for omarbeiding og skal leggst fram for heradsstyret første møtet etter sommaren.

Kommunedirektøren får i oppdrag å gå i dialog med huseigar på Valestrand slik at det i saka foreligg eit konkret tilbod om forlenging av leigeavtalen.

Kommunedirektøren skal og sikre at alle fastlegane får påverka og sei si meining i saka.

PS 62/25 Retningslinjer for utleige av kommunale bygg

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 62/2025 Retningslinjer for utleige av kommunale bygg:

Innstilling frå Formannskapet 04.06.2025

Retningslinjer for utleige av kommunale bygg, med tilhøyrande prisliste, vert godkjent slik dei ligg føre.

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp):

Under punkt om «leigetider» tilførast:

Som hovudregel kan skular og barnehagar ikkje leigast ut i skulen og barnehagane sin sommarferie.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet og framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp) vart samrøystes vedteke.

Merknad: Sebastian Haugland (H) fekk permisjon etter sak PS 62/25.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 62/2025 Retningslinjer for utleige av kommunale bygg:

Retningslinjer for utleige av kommunale bygg, med tilhøyrande prisliste, vert godkjent slik dei ligg føre.

Under punkt om «leigetider» tilførast:

Som hovudregel kan skular og barnehagar ikkje leigast ut i skulen og barnehagane sin sommarferie.

PS 63/25 Retningslinjer for etablering av flyktningar

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 63/2025 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

Framlegg til vedtak frå Lars Fjeldstad (Sp):

Det vert fremja forslag om å forlenge møtet til sakslista er ferdig behandla.

Framlegget frå Lars Fjeldstad (Sp) vart samrøystes vedteke.

Innstilling frå Levekårsutvalet 03.06.2025

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Avsnitt STØNAD TIL HØGTID, FERIE, DÅP OG KONFIRMASJON

Endra tekst:

STØNAD TIL HØGTID, FERIE, DÅP, KONFIRMASJON ELLER TILSVARANDE

Flyktningar som går på ventestønad kan få stønad til markering av ei valfri høgtid eller stønad til sommarferie (dersom ventestønadsperioden er i juli månad) i løpet av perioden. Stønadsbeløpet er inntil ein vekerats etter kommunal norm. Flyktningar kan i tillegg søke stønad til dåp, konfirmasjon eller tilsvarende merkedagar. Maksimal stønadssum er kroner 5000,- Stønaden vert behovsprøvd.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 63/2025 Retningslinjer for etablering av flyktningar:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Avsnitt STØNAD TIL HØGTID, FERIE, DÅP OG KONFIRMASJON

Endra tekst:

STØNAD TIL HØGTID, FERIE, DÅP, KONFIRMASJON ELLER TILSVARANDE

Flyktningar som går på ventestønad kan få stønad til markering av ei valfri høgtid eller stønad til sommarferie (dersom ventestønadsperioden er i juli månad) i løpet av perioden. Stønadsbeløpet er inntil ein vekesats etter kommunal norm. Flyktningar kan i tillegg søke stønad til dåp, konfirmasjon eller tilsvarande merkedagar. Maksimal stønadssum er kroner 5000,- Stønaden vert behovsprøvd.

PS 64/25 Førebyggande plan - handlingsdel

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 64/2025 Førebyggande plan - handlingsdel:

Innstilling frå Levekårsutvalet 13.05.2025

Levekårsutvalet godkjenner planutkastet slik det ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 64/2025 Førebyggande plan - handlingsdel:

Levekårsutvalet godkjenner planutkastet slik det ligg føre.

PS 65/25 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 65/2025 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg:

Innstilling frå Levekårsutvalet 03.06.2025

- Saksutredningen har gjengitt aktuelle lovverk og retningslinjer, og hva man skal vektlegge, men det er ikke laget forslag til retningslinjer for kommunen. Vi har ikke noe å vedta her, ut over det som allerede gjelder fra sentralt hold. Jobben er ikke ferdig.
- Vi trenger å få oversikt over skoleveiene våre (innenfor 2 og 4 km. fra skolene, målt langs vei, ikke luftlinje)
- Det bør til slutt i dokumentet stå en overskrift som heter "Veistrekninger i Osterøy kommune som er vedtatt som særlig farlig eller vanskelig".
- Eksempelvis bør det i en slik liste for eksempel stå at fv 567 mellom Hauge og Valestrand er en farlig skolevei - i tråd med slik det i dag praktiseres (her får barna dekket skoleskyss). Det bør i tillegg stå at når gang- og sykkelveien som nå er under opparbeiding er ferdig, så skal ikke dette strekket lenger anses som farlig skolevei.
- Flere andre veier skal mest sannsynlig inn i listen, men vi må vite hvilke veier vi skal vurdere, hva fartsgrensen er, om det finnes veilys, hvor høy trafikken er (ÅDT).
- Vi trenger et forslag fra administrasjonen der man har gjort konkrete vurderinger av veistrekningene basert på de kriteriene som er omtalt i saksframlegget
- Planfolkene i kommunen må med inn i saksutredningen.
- Hent gjerne inspirasjon hos
 - Nord-Aurdal kommune som har 6500 innbyggere og større areal enn oss Retningslinjer for særlig farlig eller vanskelig skoleveg.indd
 - Melhus kommune med 17 000 innbyggere (sjekk vedlegg 1) Retningslinjer for skoleskyss ved særlig farlig eller vanskelig skoleveg - Melhus kommune
 - Vestvågøy kommune med 11 000 innbyggere retningslinjer-farlig-skolevei-vestvagoy-kommune.pdf
- Saken blir sendt tilbake til administrasjonen for videre arbeid og konkretisering av retningslinjene.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 65/2025 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg:

Saka vart trekt.

PS 66/25 Trygg Trafikk medlemskap

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 66/2025 Trygg Trafikk medlemskap:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune teiknar medlemsskap i Trygg trafikk.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 23 røyster for og 2 røyster mot(Herdis Helle(Ap), Roy Husebø(Inp))

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 66/2025 Trygg Trafikk medlemskap:

Osterøy kommune teiknar medlemsskap i Trygg trafikk.

PS 67/25 Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv i Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 67/2025 Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv i Osterøy kommune:

Før handsaminga av saka ønskte Lars Fjeldstad (Sp) å få vurdert si gildskap.

Lars Fjeldstad (Sp) vart samrøystes erklært ugild og skal ikkje ta del i handsaminga.

Turid Njåstad (Sp) vart samrøystes vald som settevaraordførar etter framlegg til vedtak frå Aleksander Thunestvedt (Ap).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gjev Lars Fjeldstad (Sp) fritak frå folkevalde verv i Osterøy kommune frå seinast 02.02.2026 i til saman 23 veker jf. arbeidsmiljølova §12-5, samt omsorgspermisjon i to veker i samband med fødsel, jf. kommunelova §8-10, arbeidsmiljølova §12-3 og Osterøy kommune si forskrift om folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekning §3b.

Varaordførar Alexander Thunestvedt(Ap) trer inn som ordførar i tida Fjeldstad har permisjon, jf. Kommunelova § 6-2, 4. ledd.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 67/2025 Søknad om midlertidig fritak frå politiske verv i Osterøy kommune:

Heradsstyret gjev Lars Fjeldstad (Sp) fritak frå folkevalde verv i Osterøy kommune frå seinast 02.02.2026 i til saman 23 veker jf. arbeidsmiljølova §12-5, samt omsorgspermisjon i to veker i samband med fødsel, jf. kommunelova §8-10, arbeidsmiljølova §12-3 og Osterøy kommune si forskrift om folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekning §3b.

Varaordførar Alexander Thunestvedt(Ap) trer inn som ordførar i tida Fjeldstad har permisjon, jf. Kommunelova § 6-2, 4. ledd.

PS 68/25 Søknad om fritak frå kommunale verv

PS 69/25 Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 69/2025 Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemnd:

Turid Bjørdal Njåstad vert valgt som ny varaordførar i tida Lars Fjeldstad har permisjon.

Turid Bjørdal Njåstad vert valgt som ny nestleiar i administrasjonsutvalet i tida Lars Fjeldstad har permisjon.

Votering:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemnd vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 69/2025 Val av midlertidig varaordførar og settemedlemmer i samband med permisjon:

Turid Bjørdal Njåstad vert valgt som ny varaordførar i tida Lars Fjeldstad har permisjon.

Turid Bjørdal Njåstad vert valgt som ny nestleiar i administrasjonsutvalet i tida Lars Fjeldstad har permisjon.

PS 70/25 Søknad om fritak frå verv som folkevald for perioden 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 70/2025 Søknad om fritak frå verv som folkevald for perioden 2023- 2027:

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp):

Heradsstyret gjev Siv Tove Holsen fritak ut perioden.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad(Sp) vart vedteke med 24 røyster for og 1 røyst mot(Roy Husebø(Inp)).

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 70/2025 Søknad om fritak frå verv som folkevald for perioden 2023- 2027:

Heradsstyret gjev Siv Tove Holsen fritak ut perioden.

PS 71/25 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 71/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Bjarte Aarland (KrF) ønske ei oppdatering om rekrutteringstillegg til Fotlandsvåg skule:

Kommunedirektøren gav følgjande svar: Etter drøftingsmøte med dei tillitsvalde har vi blitt einige om at kommunen legg seg på same praksis for rekrutteringstillegg som i helsesektoren. Dette har dessverre ikkje hatt stor effekt, sidan dei fleste stillingane har tre månaders oppseiingstid. No ser det likevel ut til at bemanninga vert løyst til skulestart til hausten.

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 71/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka

EV 2/25 Evaluering /

Handsaming i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 2/2025 Evaluering:

Vedtak i Heradsstyret - 19.06.2025 av sak 2/2025 Evaluering:

